
Kvam kyrkje


Kvikne kyrkje


Skåbu kyrkje


Sødorp kyrkje

INFORMASJON

# KYRKJEBLAD for NORD-FRON

Nr. 1 - mars 2025 - årgang 70





Alle foto: Liv-Elin Aasmudstad

Kjære Gud, takk for at du gir oss håp. Hjelp oss å bruke den krafta håpet er til å skape endring i oss og rundt oss. Gi oss mot til å ta vare på alt du har skapt, også når det kostar. Gi oss krefter, kreativitet og heilag iver. (Regnbuebønn, Kirkens nødhjelp. 2025)



# TIL TENESTE

**Nord-Fron kyrkjekontor**
Gateadresse: Nedregata 54, 2640 Vinstra
Postadresse: Nord-Fron kyrkjelege fellesråd. Nedregata 50, 2640 Nord-Fron

**Kontortider:**
Kl.: 09.00 - 13.00
Tlf.: 612 16 290

**Sekretær**:
Venke Helen Sletten
Tlf: 612 16 290

**Kyrkjeverje:**
Morten Hagen (frå 1.4.25)
Tlf: 612 16 292

**Sokneprest i Kvam og Skåbu:**
Benjamin Fjellheim Olsen
Mob.: 403 12 795
Tlf. 612 16 293

**Vikarprest:**
Jens Petter Ous
Tlf. 612 16 294
Mob.: 975 74 993

**Diakon og trusopplærar:**
Per Øyvind Fredin
Kontor: 612 26 272
Mob.: 401 65 789

**Kyrkjemusikar:**
Iren Falkenhaug
Mob.: 967 39 550

**Organist:**
40 % stilling ikkje besatt

**SØDORP SOKN**
**Sokneradsleiar:**
Kirsten Dina Leine
Mob.: 901 01 690
**Kyrkjetenar/graver:**
Frank Varpestuen
Mob. 456 06 026
Atle Kolloen
Mobil: 906 90 334

**KVAM SOKN**
**Sokneradsleiar:**
Torolf Hagen
Mob.: 976 85 912
**Kyrkjetenar:**
Svein Fredrik Kjærstad
Mob.: 908 45 584

**KVIKNE SOKN**
**Sokneradsleiar:**
Kristian Ekre
Mob.: 911 31 563
**Kyrkjetenar:**
Bernaldo Hartjes
Mob.: 452 36 474

**SKÅBU SOKN**
**Sokneradsleiar:**
Bente Varpestuen
Mob.: 906 27 850
**Kyrkjetenar:**
Bernaldo Hartjes
Mob.: 452 36 474

**FAMILIERÅDGJEVING**
Familievernkontoret, Otta
Storgt. 21, 2670 Otta
Tlf. 612 30 536

**Grafisk produksjon:**
Dale-Gudbrands Trykkeri a.s.,
www.dg-trykk.no

# HEIM OG KYRKJE

## Døypte

**SØDORP:**
Synne Bjørkhaug Nordli
Ola Sletten (døypt i Sør-Fron kyrkje)
Johannes Rusthage
Tora Halvorsen Stensrud
Borgar Nylund
Matheo Rindhølen Øien

**KVAM:**
Oda Østli Røysheim
Mie Tho Hansen

## Døde

**KVIKNE:**
Maria Rytviken
Jon Petter Smikop
Ingebjørg Varpestuen

**SKÅBU:**
Marie Heide
Oskar Magnus Wahlquist
Arne Peder Iverstuen

## Døde

**SØDORP:**
Rolf Jan Baukhol
Paula Randi Sletten
Bjørn Arill Uhlen
Ove Henning Watterud
Vegard Tandhagen
Hans Slåstuen
Jon Magnus Steinhagen
Klara Solberg Slåen (Bisettelse)
Jan Gunvald Persen
Eldbjørg Eidheim Skotte
Oddbjørg Marie Vaet
Ruth Falkenhaug

**KVAM:**
Paul Torbjørn Holen (Bisettelse)
Reidun Næprud
Hjørdis Rasmussen
Torill Elin Stenseng
Helge Anderstuen
Ellen Dalen (urnenedsettelse)
Krister Joacim Storbakk
Harald Torleif Aspeslåen
Ingolf Eide

**Kyrkjegardsdugnader våren 2025**
**Sødorp sokn**
Kyrkjegarden attmed Sødorp kapell vert onsdag 23. april kl. 17:00 til 20:00
Kyrkjegarden attmed Sødorp kyrkje vert torsdag 24. april kl. 10:00 til 15:30
**Kvam**
Dugnaden vert onsdag 23. april kl. 10:00 til 15:00
**Kvikne og Skåbu**
Info vert annonsert seinare
Ta med kopp og rive! Sokneråda serverer kaffi.

**VIPPS TIL KYRKJEBLADET: 598171**
(«VEL KATEGORI «GÅVE/KONTINGENT KYRKJEBLADET»), 150KR FOR 4 NUMMER.
KONTONUMMER: 2095 49 59768

Kyrkjekontorets e-post-adresse: **venke.helen.sletten@nord-fron.kommune.no**
Heimeside: **www.kirken.no/nord-fron**

KYRKJEBLAD FOR NORD-FRON
Redaktør: Kristin Hareide Vesteraas
Redaksjonskomité: Per Øyvind Fredin, Tone Berit Øyen (Kvam), Berit Tangvik (Sødorp), Liv-Elin Aasmundstad (Kvikne), Bjørg Marit Hoel (Skåbu)

**NESTE NUMMER**
av Kyrkjeblad for Nord-Fron kjem ut i juni 2025.
Frist for stoff: **23. mai.**

Kyrkjeblad for Nord-Fron – Nedregate 50 – 2640 Vinstra
Kontonummer: 2095.49.59768

# Ny redaktør!

Mitt namn er Kristin Hareide Vesteraas, og eg overtok som redaktør i Kyrkjebladet i januar i år. Eg har mastergrad i historie, og etter å ha budd i Bergen i sju år flytta eg heim igjen i fjor sommar. Eg bur på eit lite småbruk i Kvikne med hestar, sauar, kattar, hund og slange. Eg har alltid vore glad i å skrive, og eg gler meg stort til å ta til med arbeidet som redaktør.



## VAKETENESTE – eit nytt tilbod frå diakonitenesta

Vi er nå i ferd med å starte opp ei vaketeneste for alvorleg sjuke og døyande personar og deira pårørande. Det er tenkt som eit tilbod i heimen.

Dette er ei oppgåve som til vanleg fell på pårørande. Dette kan vere veldig slitsamt og krevjande. Enkelte alvorleg sjuke har heller ikkje pårørande som har moglegheit til å være til stades over lengre tid.

Meininga med dette tilbodet er å kunne gi avlastning til familie og pårørande og gi tryggheit til den sjuke. Det skal ikkje bli gjort medisinske oppgåver, berre å vera til stades.

Til å utføre denne tenesta er det ein stab på 5-6 svært erfarne helsearbeidarar, og desse vil gå på omgang etter behov.

Heimesjukepleia er informert om tiltaket og vil også kunne formidle kontakt med vaketenesta.

**Kontaktnumre:**
Per Arne Vesteraas – telefon 970 82 062
Per Øyvind Fredin – telefon 957 87 824






**Konsert med Skåbu Musikkorps 23.03.25 kl. 18.00 i Skåbu Kyrkje**

# Nyttårkonsert i Kvam Kyrkje

Tekst og Foto: Egil Myhre











**Sundag 26. januar var det halde nyttårskonsert i Kvam kyrkje med Kvam Musikkforening. Konserten er den fyrste av fleire arrangement som Kvam Musikkforening vil halde i 2025 som ei markering av at foreininga fyller hundre år i år.**

Dei vel 120 personane som møtte i kyrkja denne kvelden fekk høyre eit korps som var godt forberedt, med stort sprang i val av melodiar. Frå den klassiske komponisten Shostakovich og til Rocke-musikarane Keith Reid og Garry Brooker frå gruppa Procol Harum. Og sjølvsagt tradisjonell korpsmusikk. Alt dette godt krydra med soloinnslag frå Roger Slåstuen og Jostein Jordet. Sistnemnte imponerte med stor innleving i musikken og god song. Då Roger Slåstuen spelte eigenkomponert melodi Kamfossens brus, før utbygginga var det nesten så ein kunne kjenne susen frå elva. Likeså då han spelte Bergrosa saman med korpset. Det er vel berre Sven Nyhus sjølv som kunne spele dette betre en det Roger gjer.

Avslutningsvis var det blomstertakk til solistane frå Kvam Musikkforening, og blomster til Jim Willhelmsen frå musikkforeninga som takk for godt arbeid sidan 2006. Kvam Sokneråd, ved leiar Torolf Hagen takka for ein flott konsert og streka under med blomster kor mykje korpset betyr for bygda.



# Historisk konsert i Skåbu

Tekst: Ole Chr. Risdal. Foto (frå GD): Per Ivar Henriksbø

**Sundag 26. januar var det ein fantastisk flott konsert i Skåbu kyrkje. Vår eigen fenomenale organist, Simen Iverstuen Blekastad, tok oss med på ei flott musikalsk reise frå 1600- til 1900-talet. Historisk var forresten heile konserten. Det er fyrste gongen det har vore ein slik orgelkonsert i kyrkja i Skåbu! Til slutt sørga han for at den vakre kyrkja vår vart fylt med tonar av slektningen Torger Iverstugun. Storkomposisjonen "Skåburosa" runga i tømraveggane. Mektig!**

Simen har det i blodet som ein seier. Han er i nær slekt med storspelemannen og komponisten Torger Iverstugun. Faren, Knut Håvard, var lenge ein aktiv og god felespelar i både Skåbu- og Mukampen spelemannslag. Mora, Jorunn, er fast inventar i korpset i bygda. Så det var ingen tvil om at Simen skulle gå musikklina på Vinstra vidaregåande. Da hadde han allereie spelt i korpset og prøvd orgelet, bl.a. i kyrkja i Skåbu. På musikklina fekk han mykje inspirasjon og gjekk i god lære. Etter vidaregåande bar det til hovudstaden og Norges musikkhøgskole med påfølgjande mastergrad i utøvande orgel. Den 28. januar i fjor vart han vigsla som kantor i Lillehammer kirke. Dette er levebrødet hans i dag. Han har også busett seg i Dølabyen saman med kjærasten sin. Simen er ein kjempeflott representant for bygda, og vi er utruleg stolte av han! Vi satsar på at han vil halde fleire kyrkjekonsertar i Skåbu i åra framover!



# Ein takk frå diakonitenesta

Av: Per Arne Vesteraas. Foto: Per Øyvind Fredin

**I litt over 2 år har Kyrkja i Nord-Fron nå drive matutdeling i Nord-Fron. Vi har hatt lokale på fleire stader: I Kyrkjestugu, i Kåja og no i lokale på Nordre Byre (tidlegare Helsestasjonen). Kvar gong har vi delt ut mat til meir enn 100 personar.**

Det er viktig for oss å ikkje drive nokon form for «behovsprøving» hos dei som kjem for å få mat, og slik vil vi halde fram.

Vi hentar mat hovudsakeleg frå Matsentralen på Rudshøgda. Dei i sin tur får mat frå ein rekke leverandørar (butikkar, næringsmiddelprodusentar og engrosleddet). Vi får også mat frå matbutikkar, og frå enkeltpersonar som legg mat i handlevogner som vi set ut i butikkane. Vi får også direkte bidrag i form av pengar frå bedrifter og frå enkeltpersonar. Vi har også gratis lokale i Nordre Byre. Det er etter kvart blitt ein god del friviljuge som deltek i arbeidet med matutdelinga og dei legg ned ein stor innsats i dette.

Vi er svært takksame for alle som bidreg, kvar på sin måte. Vi er avhengige av kvar enkelt sitt bidrag enten det er praktisk, økonomisk eller i form av omtanke. Det betyr mykje for oss som driv med dette.

Ynskjer du å støtte dette viktige arbeidet, send oss gjerne ei gåve på Vipps: **598171** (vel kategori «pengegåve Matutdeling»)

**Tusen takk!**






# Intervju med tre ukrainske kvinner

Av: Berit Tangvik

Lilia, Ludimila og Nina går på introduksjonskurs for vaksne. Kvar torsdag deltek dei i ei gruppe kvinner som møtest på Gammelbanken. Kvinnene kjem frå mange land. Fleire norske frivillige kvinner er òg med i denne gruppa. Vi har bedt dei ukrainske kvinnene fortelje litt frå heimlandet sitt, spesielt med tanke på kyrkjelivet. To av dei kjem frå Odesa. I den ortodokse kyrkja er det berre mannlege prestar. Ei messe varer i tre timar, kyrkjelyden står under messa. Bøn og preike blir utført av prestane, medan kvinner kan ha andre oppgåver, til dømes song. Nattverd blir gitt ein gong per månad. Det er ikkje alltid så fullt på gudstenestene i ukrainske kyrkjer. Bilete av helgenar er det mange av, som st. Nicholas og st. Maria.

Når det gjeld høgtider, feirar dei på litt andre tidspunkt enn vi gjer her i Noreg. Jula har dei viktigaste dagane i januar, 7.-13. Da held skular og barnehagar stengt. Påska var i 2024 rundt 5. mai, og i 2025 er den rundt 20. april. Kristi oppstode og Himmelfart er viktige heilagdagar. Kyrkja feirar og mange ulike festar, for til dømes st. Mikaela.

*Denne artikkelen er skrive fritt etter samtale med kvinner som hadde ulik tilknyting til kyrkja som institusjon.*

# Gudsteneste med sjømanns-kirkepreg i Kvam kyrkje 23/2-2025

Tekst og foto: Berit Tangvik

Regionleder Håvard Sandvand Dahlen orienterte om sjømannskirken sitt arbeid heime og ute. Andre innslag var kyrkjekaffe og quiz med spørsmål frå det aktuelle temaet. Øvrige aktive var Gunnbjörg Óladóttir, liturg, Anne Korsvold Saglien, tekst-lesar og Amun Letrud Myrhaugen, ministrant. Organist Bernt Fauske og kyrkjetenar Svein Fredrik Kjæstad medvirka og. Ansvarlege for kaffen og kringla var Heidi Holen og Torolf Hagen. Kyrkjelyden hadde ei svært god oppleving i Kvam kyrkje denne søndagen.



# Barnas





**LABYRINT**
Hjelp Maria å finne vegen til grava.



**FARGELEGG** biletet av Jesus som viser seg for Maria etter at han døydde og stod opp att.



*Teikning: Chiara Bertelli*

## Hemmeleg melding til agentar

Bruk agentalfabetet for å tolke meldinga.



Det mystiske agentalfabetet:






## Vitsar:

– Du luktar så godt i dag. Kva har du teke på deg?
– Reine sokkar.

Har du høyrt om han som søv så tungt at senga knekte?

**Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!**

**Desse oppgåvane er henta frå bladet.**

**Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00**




Søndagsskolen – *mer enn du tror*

# Tårnagentsamling – på skattejakt i Kvam kyrkje

Tekst og foto: Kyrkjelydspedagog Per Øyvind Fredin

**Kva skjer når ti 3.-klassingar og éin seksåring møtast på Tårnagentsamling i Kvam kyrkje ein søndag ettermiddag? Heilt konkret skal gruppa med born finne gjenstandar som har forsvunne eller blitt stole frå kyrkja. Og så skal dei leite etter flaggermus og ramnar som er godt - og mindre godt - gjømde i krikar og krokar.**

Som vaksen spør eg meg: lærer dei noko av dette? Eg leser høgt vers frå Bibelen, blant anna Salmanes bok, Romarbrevet og Matteusevangeliet. No skal ei gruppe med jenter løyse kryssord omtrent i same gate som tv-programmet Julenøtter, berre at orda er frå Bibelen. Kva var det han sa? Det tar litt tid før gruppa finn orda frå Matteusevangeliet: «Og han tok eit beger, takka dei og sa: "drikk alle av det!"».
Ordet er «alle». Jentene på bordet skriv ordet ned på arket. Omsider får dei løysingsordet: «Alter». Dette er stikkordet dei har når dei skal leite etter nattverdskalk og -disk. Men veit dei eigentleg kva ein nattverdskalk er? Om dei ikkje veit det, får dei i alle fall sjå kva det er når dei omsider finn gjenstandane. Kalk og nattverdsdisk er bak ei luke bak alteret. Endeleg fann dei tinga!

For nokre fortonar opplegget seg som ei sjølvfølgje. Dei skal gjere oppgåver. Det er logisk. Undervegs i gudstenesta får barna nattverd-vin frå kalken dei fann. Preike høyrer også med på Tårnagentgudsteneste som alle andre gudstenester, men denne blir litt kortare, understrekar prest Jens Petter.

Ein av gutane har vore med på gudsteneste tidlegare på dagen, og kan svare når Jens Petter spør om kva Jesus spurte den lamme mannen (i Johannesevangeliet): «Vil du bli frisk?» Det er flott når dei er med, tenker eg.

Etter gudstenesta er det kyrkjekaffi med tårnagentkake og juice. Dette fell i smak, og kjem etterlengta etter 50 minutt med salmesong, nattverd, liturgi og preike.

På Bibeldagen 16. februar var det samla ni born frå 5.- og 6.- klassetrinn i Sødorp kyrkjestugu og Sødorp kyrkje med oppgåver knytt til Bibelen. På barnesida i dette kyrkjebladet finn du oppgåver med utgangspunkt i Påskeevangeliet i Bibelen.









# KONFIRMANT 2025

## KONFIRMASJONAR VÅREN 2025

**Sødorp kyrkje**

*Fotografering skjer laurdag 10. mai kl. 09:00 for alle Sødorp-konfirmantane*

| Laurdag 10. mai kl. 10:00 | Laurdag 10. mai kl. 12:00 | Søndag 11. mai kl. 11:00 |
|---|---|---|
| Aleksandra Moe Gjøen | Mina Hytten Bekkum | Tim Berge |
| Juliane Roven Martinsheimen | Mathias Byrbotten Bortne | Lea Brenden |
| Mathilda Nedrebø | Sigurd Byrløkken | Jessica Roselind Fat Dammen |
| Martinus Skurdal Nordgård | Sigrid Nitter Ellefsrud | Lars Daniel Løkken |
| Max Mikael Rustbakken | Johanne Sundstuen Frøyse | Solvår Storbråten |
| Noah Rønningen-Moen | Tomine Olette Giverhaug | |
| Sanna Marie Solbraa | Anna Elise Gryttingslien | |
| Enola Pauline Solli | Alma Kari-Sofie Gustavsson | |
| Silje Marie Kongsli Stenseng | Torger Haugen | |
| Ola Stigen | Vilde Ekre Heimlund | |
| Axel Erik Stø | Minre Jordalsløkken | |
| Maja Tarud | Leon Kåsen | |
| Lars Kristian Tokvam | | |
| Christine Kaltrud | | |

*Dei som vil levere helsingar/gåver til Sødorp-konfirmantar, må levere dette på Sødorp kyrkjestugu seinast laurdag 10. mai kl. 10:30.*



# KONFIRMANT 2025

| Kvam kyrkje | Kvikne kyrkje | Skåbu kyrkje |
|---|---|---|
| **Laurdag 24. mai kl. 11:00** | **Laurdag 31. mai kl. 11:00** | **Søndag 8. juni kl. 11:00** |
| Madelen Randheim Hansen<br>Sture Hanslien<br>Aslak Henden<br>Mats Nordlien Holten<br>Anette Lillebo<br>Amun Myrhaugen<br>Marie Slettkoloen Nilsen<br>Aurora Moen Næprud<br>Mari Davidhaugen Svendstad<br>Rebecca Alhovik Øybrekken | June Aurora Berget<br>Halvor Masseng<br>Åsmund Vaterland<br>Isabella Nichita Sletten | Erika Hoel<br>Anna Sletten |

*Fotografering skjer ved kyrkjene ein halv time før gudstenesta startar.*






# STATISTIKK FOR NORD-FRON PRESTEGJELD 2024

*(2023 i kursiv)*

| Sak / Sokn > | SØDORP | | KVAM | | KVIKNE | | SKÅBU | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | *2023* | **2024** | *2023* | **2024** | *2023* | **2024** | *2023* | **2024** |
| Medlemmar * | *3010* | **2997** | *1087* | **1069** | *216* | **211** | *254* | **247** |
| Innmeldte | *0* | **0** | *0* | **0** | *1* | **0** | *2* | **0** |
| Utmeldte | *0* | **9** | *0* | **1** | *0* | **0** | *0* | **0** |
| **Kyrkjelege handlingar:** | | | | | | | | |
| Dåp i soknet | *12* | **22** | *12* | **10** | *7* | **1** | *0* | **1** |
| Derav busett i sokn | *9* | **19** | *7* | **1** | *2* | **0** | *0* | **1** |
| Konfirmantar | *36* | **28** | *11* | **10** | *2* | **4** | *5* | **3** |
| Vigslar | *3* | **7** | *2* | **2** | *1* | **0** | *2* | **4** |
| Forbøn borgarleg vigsel | *0* | **0** | *0* | **0** | *0* | **0** | *0* | **0** |
| Gravferder | *34* | **35** | *23* | **19** | *5* | **10** | *7* | **7** |
| **Gudstenester:** | | | | | | | | |
| Gudstenester søn-/ helgedagar | *39* | **40** | *24* | **26** | *18* | **19** | *19* | **16** |
| Deltakarar | *2307* | **1560** | *1265* | **1308** | *558* | **477** | *497* | **302** |
| Gudstenester u-søn-/helgedagar | *10* | **15** | *6* | **8** | *1* | **1** | *3* | **8** |
| Deltakarar | *535* | **1654** | *417* | **339** | *26* | **152** | *164* | **374** |
| SUM - Totalt tal gudstenester | *49* | **55** | *30* | **34** | *19* | **20** | *22* | **24** |
| SUM - Deltakarar | *2842* | **3214** | *1682* | **1647** | *584* | **629** | *661* | **676** |
| Gudst. m/ nattverd | *24* | **29** | *14* | **19** | *13* | **12** | *7* | **12** |
| Deltakarar | *477* | **519** | *182* | **262** | *67* | **139** | *48* | **79** |
| Gudst.m/ skriftemål | *0* | **0** | *0* | **0** | *0* | **0** | *0* | **0** |
| Deltakarar | *0* | **0** | *0* | **0** | *0* | **0** | *0* | **0** |
| Gudst tilrettelagt ** barn/unge (Utanom julaftan) | *2* | **11** | *4* | **8** | *0* | **8** | *1* | **6** |
| Gudst. barnehagar*** No jule- og påskevandringar | *5* | **11** | *1* | **2** | *0* | **0** | *1* | **2** |
| Deltakarar | *149* | **287** | *27* | **73** | *0* | **0** | *18* | **36** |
| Gudst. skular | *2* | **2** | *1* | **1** | *0* | **0** | *1* | **1** |
| Deltakarar | *245* | **308** | *80* | **65** | *0* | **0** | *29* | **30** |

| Sak / Sokn > | SØDORP | | KVAM | | KVIKNE | | SKÅBU | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Julaftans-gudst | *3* | **4** | *1* | **1** | *0* | **0** | *2* | **2** |
| Deltakarar | *226* | **277** | *280* | **235** | *0* | **0** | *160* | **199** |
| Gudstenester i påska | *4* | **4** | *1* | **2** | *1* | **1** | *3* | **2** |
| Deltakarar | *54* | **61** | *11* | **28** | *20* | **13** | *83* | **29** |
| Allehelgensgudst | *1* | **1** | *1* | **1** | *1* | **1** | *1* | **1** |
| Deltakarar | *85* | **108** | *70* | **43** | *20* | **47** | *18* | **21** |
| Økumeniske gudst. | *0* | **0** | *0* | **0** | *0* | **0** | *0* | **0** |
| Deltakarar | *0* | **0** | *0* | **0** | *0* | **0** | *0* | **0** |
| Konsert i kyrkja | *7* | **3** | *3* | **2** | *1* | **2** | *1* | **1** |
| Deltakarar | *844* | **418** | *370* | **135** | *110* | **70** | *167* | **28** |
| Økonomi/ kollektar/ innsamlingar: | | | | | | | | |
| Ofringar totalt | *29148* | **45475** | *30454* | **31318** | *16633* | **19716** | *28323* | **24893** |
| Ofringar eige sokn | *12680* | **12311** | *12630* | **8067** | *6218* | **6415** | *15141* | **13559** |
| KN-Fasteinnsamlinga**** | *0* | **7676** | *0* | **1160** | *0* | **941** | *0* | **327** |
| Innsamla midlar**** | *0* | **0** | *0* | **15886** | *0* | **13400** | *0* | **0** |

* Medlemmer: Tal frå kyrkja sitt medlemsregister – for sentralkyrkjelege registeret. Det har vore ein grundig gjennomgang av medlemslistene. (Medlemmar og tilhøyrande – frå 2020 er «tilhøyrande» borte frå registeret)
** Gudstenester tilrettelagt for barn og ungdom. Her vil ein sjå store forskjellar mellom 2023 og 2024 – noko som skuldast at vi siste året har vore meir presis i føringane våre i kyrkjeprotokollane. Før var tala i denne rubrikken dei gudstenestene som fall inn under tema: Familiegudstenester.
*** Barnehagegudstenester er gjort om til jule- og påske-vandringar – og frå 2024.
**** Fasteinnsamling til Kirkens Nødhjelp (KN) og andre midlar/ gåver ligg under denne rubrikken.

*3.februar2025 Jens Pette Ous*

Ekstra gåver kjem og godt med. Kyrkjebladet er viktig for arbeidet i kyrkjelydane.
**Kontonummer: 2095 49 59768**

**VIPPS NUMMER TIL SOKNERÅDA**
**KVIKNE: 137266 • SØDORP: 135692 • KVAM: 113553 • SKÅBU: 115389**

**Takk for di støtte!** *Helsing redaksjonen*


Din lokalbank er tilgjengelig når du trenger det!
SpareBank 1 GUDBRANDSDAL
Bank
Eiendom
Regnskap

Vi takker alle våre sponsorer. Ønsker du som bedrift annonse i kyrkjebladet, kan du ta kontakt med kyrkjekontoret

FRON BYGG

JOBE GRAVSTEINSERVICE AS
• Innskriftsjoner
• Oppussing
• Omsliping
Arbeidet utføres på kirkegården.
Raskt tilbake. Mobil: 412 56 304
Epost: post@jobegravsteinservice.no

TINDE HYTTER
BYGGER VARIGE VERDIER

OM Bakken Bygg AS
ENTREPRENØR – HUS OG HYTTER
LOMOVEGEN 9 – 2640 VINSTRA
TLF. 61 21 60 00 – POST@BAKKENBYGG.NO

SLANGEN SETER
Anita Stebergløkken, tlf 90 95 88 38. Slangsliv. 290, 2634 Skåbu
E-post: post@slangen-seter.no - www.slangen-seter.no
Minnesamvær, barnedåp, konfirmasjon, bryllup, jubileum.
Spisesal med plass til 45 pers. - stemningsfull peisestue - overnattingsmuligheter for totalt 60 pers. - gammel miljøskapende fjellstue i unike omgivelser - fjellgård.

HÅREK
FRISØRSALONG
-KVAM-
Tlf.: 612 94 551 / Mob: 482 65 181

Toksekleiva
HUNDEPENSJONAT - VINSTRA
Tlf. 971 88 621

VB
Vinstra Begravelsesbyrå AS
Lise Veikleenget, 99 58 29 43
Nina S. Veikleenget, 94 83 25 40
Døgnvakt!

TOYOTA
DOKKEN BIL AS
Tlf.61 29 29 20 Lomoen, 2640 Vinstra
http://vinstra.toyta.no - E-mail: post.vinstra@toyota

SENTRUMS HJØRNET
Elvevegen 2 – Kvam. 906 39 181

REMA 1000
Lomoveien 1, 2640 Vinstra
Tlf. 61 29 50 00

BRØDRENE KROK
Salg & Service
HiKOKI

FronTraktorService
2640 VINSTRA
Tlf. 61 29 24 60
Rustvegen 170, 2640 VINSTRA. Telefon: 612 92 460.

VINSTRA VASKERI OG RENGJØRING
Alt innen vask og rengjøring
Nedregata 58, 2640 Vinstra
Mobil: 948 49 807

Sanitær • Vannbåren • Varme • Varmepumpe
Hundorp Rørleggerservice AS
Nedregate 22, 2640 Vinstra - Tlf. 61 29 49 90
E-post: post@hundorpror.no
www.hundorpror.no

Peer Gynt
KJØPESENTER
www.peergyntsenter.no

Vekstra
Regnskap Gudbrandsdalen
Avd: Vinstra, Nedreg. 63, 2640 Visntra
Avd: Fåvang, Stasjonsv. 1, 2634 Fåvang
Tlf 61 29 52 70

Catering

til alle livets anledninger.

Vi leverer smakfulle retter til dåp, konfirmasjon, bryllup og minnestund.

Se meny og bestill direkte på:
**engelcatering.no**

Ta gjerne kontakt med egne ønsker:
mob: 9110 2530
engelbrev@gmail.com

ENGEL
Konditor & catering

coop marked

Coop Marked Skåbu

Skåbuvegen 2666, 2643 Skåbu
Tlf.: 61 29 55 19
E-post: skaabu.marked@coop.no
Åpningstider: Man-Torsdag: 9-18
Fredag: 9-20, Lørdag: 9-18. Søndag: 12-16

abaris

SKÅBU REGNSKAP AS

MEDLEM REGNSKAP NORGE

post@skaaburegnskap.no

Tlf.: 413 83 898

Gulvlegging - Glassverksted - Blikkverksted - Utleie

**WEIKLE**

**Tlf 9005 4040 - post@weikle.no**
**www.weikle.as**

Hageland
Bjørke

Tlf 915 75 074
Vi hjelper deg med blomster til begravelse og andre anledninger

ELEKTRIKER'N A/S
FRON

Nedregata 60, 2640 Vinstra
Tlf. 61 29 20 10




Bakken
Begravelsesbyrå

Tlf. 47 68 22 27




☎ 48 90 95 00

Dale-Gudbrands Trykkeri a.s

www.dg-trykk.no
2635 Tretten
tlf. 61 27 73 50

FULLDISTRIBUSJON

NORGE P. P. posten

Retur: Nord-Fron kyrkjelege fellesråd.
Nedregata 50
2640 Nord-Fron

# GUDSTENESTER I NORD-FRON VÅREN 2025

| DAG/DATO/TXT | SØDORP | KVAM | KVIKNE | SKÅBU |
|---|---|---|---|---|
| Palmesøndag<br>**13.april**<br>Joh 12,1-13 | | | 11:00 Familiegudsteneste<br>Nattverd. 6-åringane. Bok.<br>Jens Petter Ous | 19:00<br>Kveldsmesse. Nattverd<br>Jens Petter Ous |
| Skjærtorsdag<br>**17.april**<br>Joh 13,1-17 | 18:00 Kyrkja<br>Nattverdgudsteneste<br>Benjamin Fjellheim Olsen | 20:00<br>Nattverdgudsteneste<br>Benjamin Fjellheim Olsen | | |
| Langfredag<br>**18.april**<br>Luk 22,39-23,46 | 11:00 Kapellet<br>Langfredagsmesse Benjamin<br>Fjellheim Olsen | | | 19:00 Langfred.messe JPO<br>21:00 Sikkilsdalen.<br>Påskeandakt BFO |
| Påskedag<br>**20.april**<br>Joh 20,1-10 | 11:00 Kyrkja<br>Høgtidsgudsteneste. Nattverd<br>Jens Petter Ous | 18:00<br>Høgtidsgudsteneste. Nattverd<br>Jens Petter Ous | 11:00 For Kvikne og Skåbu<br>Høgtidsgudsteneste.<br>Nattverd Benjamin F Olsen | |
| 2.påskedag<br>**21.april**<br>Joh 20,11-18 | 11:30 Sundheim<br>Høgtidsgudsteneste.<br>Nattverd B F Olsen | | | |
| 2.s i påsketida<br>**27.april**<br>Joh 20,24-31 | 19:00 Kapellet Høgmesse<br>Nattverd. Konfirmantinnskriving.<br>Benjamin Fjellheim Olsen | | | 11:00 Høgmesse Nattverd.<br>Konfirmantinnskriving.<br>Benjamin Fjellheim Olsen |
| Arb.intern.solid.dag<br>**Torsdag 1.mai**<br>Matt 20,25-28 | | 11:00 Solidaritetsmesse<br>Konfirmantinnskriving.<br>Benjamin Fjellheim Olsen | | |
| 3.s i påsketida<br>**4.mai**<br>Mark 6,30-44 | 19:00 Kyrkja<br>Samtalegudsteneste. Nattverd.<br>Jens Petter Ous | | 11:00 Høgmesse. Nattverd.<br>Konfirmantinnskriving<br>Benjamin Fjellheim Olsen | |
| Laurdag<br>**10.mai**<br>Joh 14,1-11 | Sødorp kyrkje 10:00/ 12:00<br>Høgmesse m/konfirmasjon<br>Jens Petter Ous | | | |
| 4.s i påsketida<br>**11.mai**<br>Joh 14,1-11 | 11:00 Kyrkja<br>Høgmesse m/konfirmasjon<br>Jens Petter Ous | | | |
| | Alle gudstenester på 17.mai er familiegudstenester. | | | |
| Grunnlovsdagen<br>**Laurdag 17.mai**<br>Luk 17,11-19 | 10:00 Ruste bygdahus BFO<br>Ca 11:30 Kyrkja<br>Benjamin Fjellheim Olsen | Ca 11:30 | 09:30 | 14:00<br>Benjamin Fjellheim Olsen |
| 5.s i påsketida<br>**18.mai**<br>Joh 17,6-11 | | 19:00 Samtalegudsteneste<br>Nattverd<br>Benjamin Fjellheim Olsen | | |
| Laurdag<br>**24.mai**<br>Matt 6,7-13 | | 11:00<br>Høgmesse m/konfirmasjon<br>Benjamin Fjellheim Olsen | | |
| 6.s i påsketida<br>**25.mai**<br>Matt 6,7-13 | 11:00<br>Kapellet Høgmesse. Nattverd | | | 19:00 Samtalegudsteneste<br>Skåbu og Kvikne. Nattverd.<br>Benjamin Fjellheim Olsen |
| Laurdag<br>**31.mai**<br>Joh 16,12-15 | | | 11:00<br>Høgmesse m/ konfirmasjon<br>Benjamin Fjellheim Olsen | |
| Søndag før pinse<br>**1.juni**<br>Joh 16,12-15 | 11:00 Kyrkja Høgmesse.<br>Nattverd | | | |
| Pinseaftan<br>**7.juni**<br>Joh 7,37-39 | | 18:00<br>Høgtidsgudsteneste. nattverd. | | |
| Pinsedag<br>**8.juni**<br>Joh 14,23-29 | 11:00 Kyrkja<br>Høgtidsgudsteneste med<br>nattverd. | | 19.00 Høgtidsgudsteneste<br>med nattverd. | 11:00 Høgtiddsgudsteneste<br>med konfirmasjon. |
| 2.pinsedag<br>**9.juni**<br>Joh 7,37-39 | 11:30 Sundheim<br>Høgtidsgudsteneste. Nattverd | | | |
| Treeiningssøndag<br>**15.juni**<br>Luk 24,45-48 | | 11:00 Kirketeigen<br>Krøllemesse for heile N-F<br>Benjamin Fjellheim Olsen | | |
| 2.s i treeiningstida<br>**22.juni**<br>Joh 3,1-13 | 19:00 Kapellet<br>Kveldsmesse. Nattverd | | 11:00<br>Høgmesse. Nattverd | |

*Det kan koma endringar på gudstenester så fylg med på plakatar, annonse i GD, heimesida og facebook.*

TRYKT I NORGE
NO - 0137
www.dg-trykk.no

**Kyrkjebladet ynskjer alle lesarane God Påske!**



KYRKJA I NORD-FRON **er på Facebook! Sjå Kirka Nord-Fron**